



Arkivnr: 2014/225-99
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Unnateke offentleggjering OFFL § 26, 2. ledd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.09.2014

Kunstnarstipend 2014

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har til rådvelde 5 kunstnarstipend, kvart på kr 25.000.

Det er komen inn 88 søknader om kunstnarstipend innan søknadsfristen 1.mai. Søknadene fordeler seg slik på dei ymse gruppene:

Biletkunst/visuell kunst: 46

Kunsthåndverk: 7

Musikk: 21

Andre kunstartar/tverrkunstnarleg: 14

Det er utarbeidd desse retningslinene for stipenda:

- Stipendet kan nyttast som arbeids-, etterutdannings- eller reisestipend.
- Når det finst fylkesfemnande kunstnarorganisasjonar, skal desse ha rett til å gje tilråding for si kunstgrein. Tilrådinga skal vera grunngjeven.
- Dersom søknadsmengda tillet det skal minst eitt av stipenda tildelast kunstnarar som er busette i Hordaland utanom Bergen kommune.

Søkjjarar innan biletkunst/ visuell kunst vert vurdert av ein stipendkomité utnemnd av Bildende kunstneres forening Hordaland, kunsthåndverk vert vurdert av komité utnemnd av Norske kunsthåndverkere Vest-Norge. Desse innstiller inntil 2 kandidatar i prioritert rekkefølge i skriftleg grunngjeving. Søknadar innan kategorien musikk og andre kunstartar/tverrkunstnarleg vert vurdert og innstilt av Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne seksjonen tek også den heilskaplege vurderinga og tilrår samansetninga av den samla innstillinga.

Vedlegg:

Liste over søkjjarar fordelt på sjanger

Oversyn over tildelte stipend dei siste 10 åra

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet tildeler 5 kunstnarstipend for 2014, kvart på kr 25.000, til desse søkjarane (totalt kr 125.000 frå konto 10.400.720):
Mathijs van Geest – visuell kunst

Marieke Verbiesen – visuell kunst
Tora Endestad Bjørkheim – kunsthåndverk
Julian Berntzen – musikk
Jade Hærem Aksnes - film

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.09.2014

Hordaland fylkeskommune har til rådvelde 5 kunstnarstipend (konto 10.400.720), kvart på kr 25.000. Søknadsfrist var 1. mai.

Det er komen inn 88 søknader om kunstnarstipend innan søknadsfristen for 2014. Liste over desse er vedlagt denne saka.

Søknadene fordeler seg slik på dei ymse gruppene:

Biletkunst/visuell kunst: 46

Kunsthåndverk: 7

Musikk: 21

Andre kunstartar/tverrkunstnarleg: 14

Det er utarbeidd desse retningslinene for stipenda:

- Stipendet kan nyttast som arbeids-, etterutdannings- eller reisestipend.
- Når det finst fylkesfemnande kunstnarorganisasjonar, skal desse ha rett til å gje tilråding for si kunstart. Tilrådinga skal vera grunngeven.
- Dersom søknadsmengda tillet, det, skal minst eitt av stipenda tildelast kunstnarar som er busette i Hordaland utanom Bergen kommune.

Når det gjeld geografisk fordeling er det ei stor overvekt av kunstnarar busett i Bergen, berre 14 av dei 88 søkjarane er busett i andre kommunar i fylket. Fleire av kunstnarane med adresse Bergen kjem opprinneleg frå andre stader i fylket, men har flytta til Bergen.

Det er stor variasjon i stil, sjanger og alder mellom søkjarane. Det er som tidlegare flest søkjarar innan musikk og biletkunst/visuell kunst. Søkjarar som har eit tverrfagleg kunstnarleg virke kan vurderast av ulike komitéar. Der er mange gode søkjarar som kunne fortent stipend. Fleire har søkt om svært spesifikke prosjekt, m.a. dekking av utgifter til CD-innspeling, produksjonsstøtte til ei spesifikk framsyning el. Dette har vi ikkje vurdert som å falle inn under kriteria.

Søkjarar innan biletkunst/visuell kunst vert vurderte av ein stipendkomité utnemnd av Hordaland Kunstsenter / Bildende kunstneres forening Hordaland, kunsthåndverk/design vert vurdert av ein komité utnemnd av Norske kunsthåndverkere Vest-Norge. Desse innstiller inntil 2 kandidatar i prioritert rekkefølge i skriftleg grunngeving. Søknader innan kategorien musikk og andre kunstartar / tverrkunstnarleg vert vurderte og innstilte av Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kunst- og kulturformidling. Denne komiteen tek også den heilskaplege vurderinga og samansetninga av denne samla innstillinga til Kultur- og ressursutvalet.

Fylkesrådmannen tilrår at Kultur- og ressursutvalet vedtek å gje kunstnarstipend til dei to biletkunstnarane / visuelle kunstnarane stipendkomitéen for biletkunst/visuell kunst har innstilt, og den første av dei to innan kunsthåndverk som komiteen for dette kunstfeltet har prioritert. Elles vert det innstilt på å gje eit stipend innan musikk og eit innan film. Det vil seie følgjande kanidatar:

Stipendkomité for biletkunst/visuell kunst:

Kunstnerisk råd innstiller Hordaland Fylkeskommunes kunstnerstipend til

Mathijs van Geest

van Geest skal bruke stipendet til å produsere nye verk i forbindelse med utstilling i Kassel, Tyskland og en publikasjon i samarbeid med Entree, Bergen. Komiteen vektlegger van Geests sin kunstneriske aktivitet og hans spennede, nyskapende arbeider.

Marieke Verbiesen

Verbiesen skal bruke stipendet til konkrete prosjekter i forbindelse med utstilling på Lydgalleriet, Bergen og utstilling i København 2014/2015. Verbiesen arbeider med interaktive installasjoner.

Komiteen vektlegger hennes bruk av utdaterte teknikker og foreldet teknologi til å skape nye verk. Komiteen synes det er spennende med hennes kryssning mellom dataspillteknologi og kunst.

Kunstnerisk råd ønsker å påpeke at av de 47 innkomne søknadene var det åtte søkere som utmerket seg. Vi vil med dette oppfordre Hordaland Fylkeskommune til å øke antall stipender til billedkunstnere og samtidig øke summen per kunstner.

Stipendkomiteen for kunsthåndverk innstilte følgjande på førsteplass:

Tora Endestad Bjørkheim

Født 1986, bosatt i Bergen

Tora avsluttet sin master, ved kunst- og designhøyskolen i Bergen, i 2013. Hun arbeidar eksperimentelt og nytenkende både i det tematiske og med tanke på materialbruk innenfor kunsthåndverk.

Tora ønsker å bruke stipendet til arbeid- og materialstipend. Stipendet vil bidra til at hun kan fortsette sitt grundige arbeid i videreutviklingen av et personlige uttrykk. Hun har allerede deltatt på flere viktige utstillinger. B.l.a. TALENTE 2013, Munich, Tyskland og III Moscow International Biennale for Young Art, Moscow Museum of Modern Art, Russland.

Seksjon for kunst- og kulturformidling Hordaland fylkeskommune har innstilt følgjande :

Musikk: Julian Berntzen

Fødd 1981

Julian Berntzen er ein komponist/musikar med eit originalt tonespråk, noko han tydeleg har fått vist gjennom t.d. «Waffy Town» og musikalen «Snødronningen» (for DNS). Han er flink til å søkje samarbeidspartnarar frå andre kunstformer, og han er uredd når det gjeld å velje instrumentering og presentasjonsformat.

Arbeidsstipendet ønskjer han å nytte til å fordjupa seg i komponering av materiale til eige bruk, samt utvikle idear til ein ny barne- og familiemusikal.

Film: Jade Hærem Aksnes

Fødd 1987

Jade Hærem Aksnes er ein ung filmarbeidar som allereie har utmerka seg både som manusforfattar og regissør. Ho har skrevet manus til og regissert fleire kortfilmar og dokumentarar, m.a. kortfilmen "Englespill" som ble valgt ut til 9 filmfestivaler i Norge, Europa og USA og "From Nordhordland with love" (2011) for Regionrådet Nordhordland som til sammen har blitt sett av over 450 000 på YouTube. I tillegg til filmutdanning ved UiB har ho no nett teke filmregisjesialisering ved American Film Institute.

Ho ønskjer å bruke stipendet til reise/research bl.a. til København i høve utvikling av spelefilmprosjektet "Lukas".